

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 18.04.2011



36 søkjarar til kull 15

Søknadsfristen er nett ute og det er 36 søkjarar til kull 15, som skal byrje på opplæringa i august. – Eg ynskjer alltid fleire søkjarar, men reknar ikkje med at det er noko problem å finne fem dyktige nynorskpraktikantar blant desse, seier Magni Øvrebotten.

Planen er å lese søknader i påska og kalle inn dei mest aktuelle til konferansar over påske. Målet er å tilsette før 17. mai, slik at søkjarane får ei rask avklaring på om dei kjem inn eller ikkje. Det er 12 menn og 24 kvinner som har søkt kull 15, som skal vare frå 22. august 2011 til 29. februar 2012.

Tre års fortrinnsrett

Heilt sidan det vart innført tilsettingsstopp i NRK i 2008 har praktikantane frå NRK Nynorsk mediesenter og FleRe hatt fortrinnsrett til stillingar i NRK, fordi desse to opplæringstiltaka er strategiske rekrutteringstiltak i NRK.

No er det ikkje lenger tilsettingsstopp, men tilsettingskontroll og vedtaket står ved lag. Direktørmøte i NRK hadde det sist føre 5. januar 2011 og gjorde då dette vedtaket:

"Kandidater fra rekrutteringsprogrammene FleRE og Nynorsk mediesenter skal prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for, fremfor eksterne kandidater og andre midlertidig ansatte. Fortrinnet gjelder i inntil tre år etter avsluttet program. De samme reglene for midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige".

Kull 14 forlet Førde 29. april



Frå venstre: Jonas Sætre, Gry Brekke Hustveit, Ingvild Nave, Ingrid Brandal Myklebust og Christian Wiik Gjerde

Kull 14 har hatt opplæring og i praksis i Førde sidan 3. januar, og 2. mai møter dei til ekstern praksis i NRK Dagsrevyen, NRK Radio Super, NRK Sogn og Fjordane, NRK.no og NRK Rogaland. Her oppsummerer dei inntrykka så langt:

Ingrid Brandal Myklebust:

- Sidan eg kom hit har eg gjort hundre ting eg egentleg ikkje torde eller trudde eg kunne. Men eg fekk ikkje noko val, og kvar gong har det vist seg å gå overraskande bra. Eg har opplevd å bli gitt svært stor tillit frå faglærarar og kollegaer og den tilliten trur eg har gjort at eg har takla uvante situasjonar betre enn eg trudde. Ved å setje høge forventningar til oss har Nynorsk mediesenter overraskande kjapt fått oss opp på eit høgt journalistisk nivå.

Etter fem år på universitetet var det ei lette å ta til på eit så praktisk studie som Nynorsk mediesenter er. Brutalt ærlege tilbakemeldingar og det å bli kasta ut på glattisen kan vere uvant i byrjinga, men eg står att som ei både tøffare, modigare og klokare dame etterpå.

Christian Wiik Gjerde:

- Eg har hatt ei svært lærerik, og kjekk tid på Nynorsk mediesenter. Eg har lært så utruleg mykje i rekordfart. Det har vore dagar fylt av glede, stress, oppturar og nedturar i skjønn harmoni. Det er fint å møte så mange flinke menneskjer som er engasjert, og som driv meg framover. Eg er verkeleg heldig som har fått kome inn på Nynorsk mediesenter. No når eg skal forlate mediesenteret veit eg at eg har lært så enormt mykje, som eg kan ta med meg vidare på ferda mi.

Ingvild Nave:

- Tida her på Nynorsk mediesenter har vore utfordrande, lærerik og veldig kjekk. Vi har hatt mange gode forelesarar og eg har fått prøve meg på mange forskjellige tema og sjangrar. Det er nok det mest effektive lærehalvåret eg har hatt nokon gong.

Jonas Sætre:

- Tida mi på Nynorsk mediesenter har vore utruleg interessant. Eg har fått tileigna meg svært variert kunnskap på kort tid. På desse månadane har eg blitt mykje meir trygg på meg sjølv enn eg har vore før. Det er variasjonen som gjer opphaldet i Førde så interessant. Eg har vore innom så og sei alle felt - kultur, sport, politikk, næringsliv og harde nyhende. Det har gjort at skildringa om å vere ein potet kjennes veldig treffande.

Me har blitt tatt veldig godt vare på nede i redaksjonen. Ein glir veldig lett inn i mengda, og kjenner deg behandla som ein fullverdig journalist veldig snart. Dette motiverar til å gjere det ypperste ein kan for å lage den beste saka. Eg ser fram til eksternpraksis i nrk.no og set pris på moglegheita eg har fått i Førde.

Gry Brekke Hustveit:

- Etter å ha studert ved universitet i mange år, har det vore befriande, men og veldig utfordrande, å vera praktikant ved Nynorsk mediesenter. Allereie første dag vart me kasta uti det, og ved å gjera ting i praksis har eg lært utruleg mykje på desse fire månadene. Eg har ofte gjort ting eg grudde meg til i forkant, men god støtte og oppfølging gjer at eg ettertid ser tilbake på det med eit smil. Eg har framleis mykje å læra som journalist, men Nynorsk mediesenter har gitt meg kunnskap og reiskapar eg kan ta med vidare.

Kull 13 – fire av fem satsa på journalistikken



Frå venstre: Karl Kristian Langeland, Hans Kristen Hyrve, Hilde Zahl, Hans Henrik Løken og Vegard Foseide

Dette kullet hadde ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal, NRK Sporten, Radioselskapet i NRK P2, Banden og Hallo P3 i NRK P3.

1. mars var dagen komen då dei måtte syte seg sjølve med arbeid. Vegard Trøøyen Foseide hadde i god tid på førehand takka ja til fast arbeid som informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Men han treivst så godt i praksisen i NRK Møre og Romsdal at han vil attende til journalistikken. Dei fire andre satsa på journalistikken med det same, og ser jamt over lyst på livet:

Hans Kristen Hyrve:

- Etter ekstern praksis i Radioselskapet i NRK P2, har eg vore heldig og fått jobbe jamt vidare i dette flotte P2-programmet. Her får eg brukt mange sider av meg sjølv, og kan knapt tenkje meg ein meir lærerik arbeidsplass. Eg unner til dømes ingen å gå glipp av den faste spalta "Ting du ikkje visste om Skjåk", kor ein får vita dei mest merkvverdige saker om fjellbygda øvst i Ottadalen. Ved sidan av Radioselskapet jobbar eg for P2-desken. Dermed får eg også utløp for tekniske lyster, ved å syrgje for at programma på P2 går på lufta som dei skal. Alt i alt tykkjer eg P2-universet er ein god stad å vera.

Hans Henrik Løken:

- Eg hadde ekstern praksis i NRK Sporten og gjekk rett over på tilkallingsvikariat, i både Sporten og Dagsnytt. Det er viktig å stå på for å få arbeid. Eg har jobba så mykje som mogleg den første tida slik at sjefane mine best kan vurdere kor mykje eg har utvikla meg, og om eg er eit emne for framtida. Vil ein bli journalist i NRK, må ein på mange måtar også blø for jobben, seier Hans Henrik Løken, som har fått sommarjobb i NRK Sporten.

Hilde Zahl:

- Eg er tilkallingsvikar på Tyholt. Frå 30. mai til 31. august skal eg gå dels som reporter i Norgesglasset, og dels som programleiar i Kveldsåpent! Nokon meiner visst at eg eignar meg til det.. For ein sværa stas! Eg er så lukkeleg, at eg vert heilt yr!

Karl Kristian Langeland:

- Tida som nynorskpraktikant har gjeve meg ein unik sjanse til å kome eit steg nærare draumen min om å underhalde og glede menneske gjennom journalistikk. Eg har fått ei moglegheit til å prøve og feile innanfor journalistikken. Ei moglegheit eg ikkje trur eg ville fått nokon annan stad. For tida er eg tilkallingsvikar i NRK P3. Det å få vere på P3 er fantastisk kjekt men samstundes krevjande då det ikkje akkurat er flust med ledige jobbar her.

Draumen eg har hatt om ein dag å verte programleiar i riksdekkande TV eller radio er framleis til stades. Og no som eg har vore så heldig å få eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane som programleiar føler eg at eg nærmar meg denne draumen ytterlegare. Samstundes skal det også verte kjekt å kome attende til det gode miljøet og ikkje minst til alle dei flotte folka som jobbar i NRK Sogn og Fjordane.

Faste tilsettingar

Øystein **Windstad** (1983) er tilsett i fast stilling som nyhendelesar i storbyradioen P5. Han byrjar rundt 1.mai. – Eg skal glede storbyane Trondheim, Bergen, Stavanger og Oslo med nyhende på nynorsk, seier Øystein Windstad (1983). Han gjekk på det fjerde kullet med nynorskpraktikantar, våren, 2006. Etter det har han arbeidd i NRK Møre og Romsdal, NRK Trøndelag, Adressavisa, Trønderbladet og Ny Tid, deler av tida attåt studiar i statsvitskap ved NTNU.



Vegard Trøøyen **Foseide** (1984) er tilsett fast som informasjonskonsulent i Changemaker, ungdomsorganisasjonen til Kyrkjens Naudhjelp. Han byrja i stillinga då han var ferdig som nynorskpraktikant 1. mars i år.

Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er fast tilsett som informasjonsrådgjevar i Norske Kunstforeningar. Ho byrjar etter påske og skal mellom anna ha ansvar for nettsida. – Godt endeleg å ha fast jobb, seier Dahlberg. Ho gjekk på kull ti, våren 2009, og har vore vikar/tilkallingsvikar i NRK sidan ho hadde ekstern praksis i Kulturnytt.

Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) har gått frå Hålogaland teater til Tromsø kommune. Der er ho tilsett som informasjonsrådgjevar. Sæterbakk gjekk på det fyrste kullet i 2004/2005.

Kursverksemda

Til denne tid i år har vi hatt fem kurs i medietrening, og før 6. mai skal vi ha hatt seks språkkurs. – Det er desse to typane kurs som har vore mest etterspurde i år, seier kursleiar Wenche Eikum, som og merkar at kursa sel seg meir sjølve.

Medietreninga har vi hatt for kraftselskapa BKK og SFE, Havforskningsinstituttet og LO Stat, og språkkursa for Lotteritilsynet, Førde kommune og Sparebanken Vest. De finn meir om kursa våre på nettsida www.nynorskmediesenter.no

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 18. april 2011 har vi lært opp 65 nynorskpraktikantar, og 74 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. Tjueto har fast arbeid i media, sytten i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK.no, NRK Super, NRK P3, Kulturnytt, NRK P2, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Trøndelag og Nordland.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar og fem er informasjonsfolk. På nettsida www.nynorskmediesenter.no finn du jamleg oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard Troøyen **Foseide** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Sporten og Dagsnytt, og har fått sommarjobb i Sporten. Hilde **Zahl** (1982) er tilkallingsvikar i NRK på Tyholt. Ho har fått sommarjobb ved distriktskontoret i Trøndelag og i Norgesglaset, og som programleiar for "Kveldsåpent" i NRK P1. Karl Kristian **Langeland** (1984) er tilkallingsvikar i NRK P3. Frå august av har han eit årsvikariat som programleiar i NRK Sogn og Fjordane. Hans Kristen **Hyrve** (1985) er tilkallingsvikar i RadioSelskapet og på P2-desken. Har fått sommarjobb i RadioSelskapet.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984) arbeider i Språkrådet, Ingvil Aaen **Torpe** (1982) har frå påske eit tre månaders oppdrag for Monster Media, som skal lage serien "Gøy på landet" for TV Norge. Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i "Kulturhuset" i NRK P2. Mari **Langva** (1986) er vikar i P3-nyhenda på Tyholt og Gunn Evy **Auestad** (1986) har 50 % vikariat i NRK.no og er tilkallingsvikar i NRK Sporten.

Elleve kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre: Mathias **Oppedal** (1985) er vikar i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) vikar i NRK Hordaland, Sara Myhren **Kornberg** (1987), er vikar i Natradioen i NRK P1, Simon **Solheim** (1990), vikar i NRK Sogn og Fjordane og Bjørn Ivar **Voll** (1985) er vikar i Dagsnytt.

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er fast tilsett i NRK Super. Ho er redaksjonsassistent og manusskrivar/ideutviklar i NRK Super si pedagogiske satsing "Leseorpset". Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er fast tilsett informasjonsrådgjevar i Norske Kunstforeninger, mellom anna med ansvar for nettsida deira. Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Dagsnytt/Alltid Nyheter Anna **Gytri** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er vikar i NRK Sogn og Fjordane.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre: Steinarr **Sommerset** (1983) er fast tilsett i eit omsetjarfirma i London. Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i Kulturnytt. i NRK P2. Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er fast tilsett i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) og Olav Arne **Nedrelid** (1978) er begge medielærarar i den vidaregåande skulen, ho i Stavanger, han i Ålesund. Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Dagsrevyen. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er vikar i nyhenderedaksjonen i VG og Ivar **Folkedal** (1983) er vikar i P4.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) er senterleiar for Gateway College i Sydney. Yngvill Kolset **Haga** (1980) og Mona **Vetthus** (1975) er begge vikarar i "Kulturhuset" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Inger Synnøve **Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar. Marianne **Feste** (1981) arbeider i nettredaksjonen til Sjømannskyrkja i Bergen. Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, men har permisjon for å ta mastergrad i TV-produksjon ved Boston University, USA. Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer øk/adm. ved NHH i Bergen. Vidar **Eidhammer** (1984) er vikar i Dagsnytt/Alltid Nyheter.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebø **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i LNU, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar. Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) har nyleg fått fast jobb som nyhendelesar i P5.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er fast tilsett i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for matteprogrammet Kosinus i NRK1. Ho er fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsén **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og arbeider i FBI-redaksjonen. Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett journalist i avisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaktshjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3, og arbeider som produsent og programutviklar. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er fast tilsett informasjonsrådgjevar i Tromsø kommune.

Visjon og verdier

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no